

## Søknad om dispensasjon på gnr. 17 bnr. 16

**Masfjorden Kommune**  
**Kommunehuset**  
**5981 Masfjordnes**

**Gnr:** 17      **Bnr:** 16      **Stad:** Areklettvegen 148, 5986  
Hosteland.

**Tiltakshavar:** Eivind Helge Kvamsdal  
**Adresse:** Areklettvegen 148  
**Postnr:** 5986      **Poststad:** Hosteland

**Saka gjeld:**  
Oppføring av Garasje

**Det vert søkt dispensasjon frå:**  
PBL § 1-8 Generelt dele og byggjeforbod i Strandsona.

**Formål med tiltaket:**  
Oppføring av garasje for bil/campingvogn.

### **Grunngjeving:**

Omsøkt garasje er tenkt oppført på allereie planert område i forbindelse med bustadeigedom gnr 17 bnr 16 i Skjelsundet. Eigedom er i kommuneplanens arealdel avsett til spreidd bustadbygging. Eigedomen er svært trang og planert område der tiltaket er omsøkt er einaste moglege plass for ein garasje på eigedomen.

Grunngjevinga for å få dispensasjon etter § 1-8 i plan- og bygningslova er at det ligg føre ei overvekt av fordeler i høve til ulemper knytt til tiltaket. Vidare meiner ein at omsyna bak dele og byggje forbodet i strandsona ikkje vert sett vesentleg til side som følgje av tiltaket slik det er søkt dispensasjon for, og at grunnlaget er til stades i høve plan- og bygningslova sitt krav.

### **Fordelane er som følgjer:**

- Tiltaket vil kun delvis komme inn i område for byggjeforbod i strandsona.
- Heile tiltaket ligg i område satt av til spreidd bustadforemål og er soleis i tråd med arealplan til kommunen.
- Areal tiltenkt garasje er allereie i dag nytta til parkeringsplass for bilar og campingvogn som det har vore i over 30 år.
- Omsøkt areal har i lang tid vore planlagt for garasje tilhøyrande bustadhus på eigedomen og er planert for føremålet i samband med utbygging av eigedomen heilt tilbake til starten av 1990 talet.
- Tiltak er begrensa til under 50m<sup>2</sup> for å redusere omfang og ytre påverknad. Tiltaket vil ikkje begrense allmenn tilgang til strandsona. Tiltaket vil og ha ein positiv miljøpåverknad med at bilar og campingvogn blir verna mot vær og vind.
- Det er ikkje registrert spesielle miljø, natur eller kulturminneverdiar knytt til det arealet

for det omsøkte tiltaket.

**Ulempen er som følger:**

- Tiltaket er delvis i strid med byggjeforbod i strandsona.

**Konklusjon:**

Ein meiner at omsyna bak Pbl § 1-8 ikkje vert sett vesentleg til side som følge av tiltaket slik det er søkt dispensasjon for. Vilkåra for å gje dispensasjon er difor oppfylt.

**Vedlegg:**

Vedlegg #1 Situasjonsplan.

Vedlegg #2 Teigningar.

**Stad:** Skjelsundet

**Dato:** 05.05.2022

**Underskrift tiltakshavar:**

Eivind Kræmsdal